



Udo Gross og Andrea Zabiegay et vollkornbrot som dei har med seg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Alminneleg, svarer Rabben-vert Steinar Myklebust når uskedalen.no spør kva for eit ord han vil nytta for å karakterisera trafikken om dagen. Med det meiner han at trafikken er som den plar og skal vera no i feriemånaden juli.

I båthamna er det derimot slett ikkje så tett som det burde vera no, meiner hamneveteran Birger Myklebust. Men han trur ikkje det skuldast konkurransen frå den nye Rosendal-hamna.

I den veka som no er til ende har Rabben-hyttene vore fulle. I starten av veka som kjem blir ein eller to hytter ledige før dei blir fylt opp att. Det er naturleg nok nordmennene som har sørja for belegget no. Når det kjem ein ny topp i august, vil det vera tyskarane som toppar. Summa summarum har ikkje camping-veteranen registrert nokon klår trafikksvikt så langt sjølv om mange rapportar i det siste konkluderar med det.

Midt på Rabben-sletta sit søndag føremiddag eit tysk par og er svært tilfredse med dei to vekene dei så langt har feriert i Noreg, sjølv om prisane våre er svært stive. Dei kjem frå høgkostbyen Frankfurt. men må likevel slå fast at prisane våre faktisk ligg mellom 30 og 50 prosent høgare.

Det er ikkje det minste rart at dei sit og gumlar på vollkornbrot som dei har med seg.

- Men smøret er i det minste norsk, presiserer dei.

Dette er den første ferien Udo Gross og Andrea Zabiegay har i Noreg og på spørsmål om kvifor det vart vårt land i år tiltross for dei vaksne prisane er svaret klårt: - Vi er interessert i natur og naturen her er fantastisk.

- Men kvifor besøket på desse kantar av landet?

- Vi følgjer dei gode råda i reiseboka til Dumont. Det betyr at vi har lagt stor vekt på Sognefjordområdet og Hardanger.

Siste natta var vi i Jondal og no står Setesdalen for tur før heimferda. Vi tek med oss mange gode minner, seier Udo og Andrea.

Av Ola Matti Mathisen